



Spesielle vegforhold (asfalt, grusveg, opplyst, offentlig eller privat veg, bratt, svingete ol.) frå bustad til næraste offentlege transporttilbod - og frå busstopp til arbeidsstad/skule/handele-senter/offentlege kontor:

---



---



---



---

## Gangfunksjon

Kor langt klarer du å gå på ein normal dag?	
Kor langt er det til næraste offentlege transporttilbod? Korleis er busstilbodet på heimstaden din? Har du problem med å bere med deg varer e.l.?	
Har du gjennomført treningsopplegg for bruk av offentlege transportmiddel?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Kan du bruke offentlege transport- middel som buss/tog/båt?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> <b>Dersom nei; kan du bruke offentlege transportmiddel dersom du har følgje?</b> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Er det mogleg for deg å dekke transportbehovet ditt på anna måte enn ved bruk av bil? (Drosje? Bli køyrt av familie?)	

## Fylkeskommunal/kommunal transportordning

Er du innvilga fylkeskommunal/ kommunal transportordning?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	<b>Dersom ja; kroner per halvår / tal turar</b>
--------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------	-------------------------------------------------

## Arbeids- og utdanningsreiser

Er du innvilga stønad til arbeids- og utdanningsreiser (AU-reiser)?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
---------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------

## Eventuell bruk av eigen bil

Har du/familien din eigen bil?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	Køyrer du bilen sjølv?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	Bli bilen i vesentleg grad nytta også til transport av andre familiemedlemmar?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Eventuell årsak til at du ikkje kan dekkje transportbehovet ditt ved å nytte familiens sin bil:					
Har du anna motorisert køyretøy? I så fall: I kva grad kan dette dekkje transportbehovet ditt?					

## Andre aktuelle opplysningar

--

## Underskrift

Stad og dato	Underskrift

## Utdrag av Arbeids- og velferdsetatens retningslinjer om grunnstønad til ekstra transportutgifter

Når NAV vurderer om du har eit nødvendig behov for særskild transport, ser vi på kva reisemåte det er nødvendig at du nyttar for å dekkje reisebehovet ditt no, samanlikna med kva du gjorde tidlegare. Dersom det ikkje lèt seg gjere, samanliknar vi med den billegaste reisemåten som det er rimeleg å vente at ein frisk person nyttar for å dekkje det same reisebehovet. Dersom du må reise på ein dyrare måte enn tidlegare, eventuelt dyrare enn den billegaste reisemåten ein frisk person etter rimeleg skjønn kan nytte, blir forskjellen i transportkostnader lagd til grunn (til dømes dersom du i dag må nytte drosje der du tidlegare har brukt buss). Dersom du elles kunne ha gått, blir heile kostnaden lagd til grunn. Det er likevel ei grense for kor langt det er rimeleg å rekne med at friske personar går for å utføre daglegdagse gjeremål. Ein kan neppe vente at friske skal gå meir enn to kilometer kvar veg for slike vanlege gjeremål.

Kva reisemåte som er nødvendig, må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Når vi vurderer dette, tek vi omsyn til både lidinga di og kommunikasjonsmessige forhold som påverkar transportmoglegheitene. Vi presiserer at bruk av ein dyrare reisemåte berre kan gi grunnlag for grunnstønad dersom det er nødvendig å reise på denne måten. Ved ekstrautgifter i samband med bruk av privat bil – eigen eller andres – vil du få grunnstønad på 2,00 kroner per kilometer (svarer til kompensasjon ved sjuketransport). Ved bruk av eigen bil kan andre utgifter komme i tillegg.

Privat bil er i dag det vanlegaste transportmiddelet i Noreg, og det må derfor vurderast om bruk av eigen bil faktisk fører til ei ekstrautgift for deg. Du får berre grunnstønad til drift av eigen bil dersom det i dag er ei ekstrautgift samanlikna med tidlegare eller samanlikna med friske i same situasjonen. Du får berre stønad dersom du ikkje klarer å gå den aktuelle strekninga eller bruke offentlege transportmiddel (der det finst slike) eller andre transportmiddel.

Sjølv om du bruker eigen bil, kan utgiftene til drift av bilen berre leggjast til grunn dersom det faktisk er bil som er det billegaste transportalternativet. Dersom det til dømes viser seg at drosje er eit billegare (og samtidig formålstenleg) transportalternativ, ser vi bort frå bilutgiftene og legg til grunn dei utgiftene du ville hatt ved bruk av drosje.

Når NAV vurderer grunnstønad til drift av eigen bil, undersøker vi kva utgifter du hadde til transport tidlegare. Dersom du hadde eigen bil, vil det alt liggje føre utgifter til årsavgift, forsikring, drift og vedlikehald. Grunnlaget for grunnstønaden vil vere dei utgiftene som no er komne i tillegg – i form av auka driftsutgifter, auka forsikringsutgifter eller anna. Årsaka kan vere at du no har behov for større bil enn tidlegare, eller at du må nytte bilen til alle transportformål der du tidlegare har gått eller brukt offentlege kommunikasjonsmiddel. Du kan få grunnstønad til drift av bil både til reiser knytte til arbeid, opplæring og eige erverv og til betring av den alminnelege funksjonsevna.